

Fra: Turid Verdal[turid@abo-ark.no]  
Sendt: 02.11.2021 11:25:29  
Til: Anne Lise Næs[anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no]  
Kopi: Kjartan Thoresen[kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no];  
Tittel: SV: Siste revisjon plankart Børnes før oversending til PTM

---

Hei

Vedlagt er revidert plankart og føresegner med/utan spor endring.  
Endringa i føresegnene er knytt til §4.2.4. og ny 4.2.8, samt endring av §10.7.

Har dåke innspel til endringane?

Vennleg helsing  
**Turid Verdal**  
905 22 958



Torgbakken 9  
Pb. 32, 5401 Stord  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)



---

**Frå:** Anne Lise Næs <anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no>  
**Send:** mandag 1. november 2021 15:21  
**Til:** Turid Verdal <turid@abo-ark.no>  
**Kopi:** Kjartan Thoresen <kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no>  
**Emne:** SV: Siste revisjon plankart Børnes før oversending til PTM

Hei

Kjartan og eg har drøfta litt, og me tenkjer me berre justerer plankartet, og føresegnene slik at dei samsvarar med kvarandre no.

Takk for skildringa.

Med helsing  
**Anne-Lise Næs** | *Planleggjar på Samfunnsutvikling*  
Mobil: +47 476 79 967

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) | 



Tenk miljø før du skriv ut!

---

**Fra:** Turid Verdal <[turid@abo-ark.no](mailto:turid@abo-ark.no)>

**Sendt:** mandag 1. november 2021 10:28

**Til:** Anne Lise Næs <[anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no](mailto:anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no)>

**Kopi:** Kjartan Thoresen <[kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no](mailto:kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** SV: Siste revisjon plankart Børnes før oversending til PTM

Hei

OK. Vi kan ordne nytt plankart, men forstår du ønskjer tilsendt skissa og litt tekst kring det før me fiksar plankartet?

Vedlagt er skjermbildet eg synt i møtet vi hadde. Vil poengtere at dette ikkje er ei super teikning å gjera offentleg, men viser prinsippet og arealbruken.

Her er nokre stikkord som skildrar kvifor vi har tilrådd alternativet vest for BN10 og BN11 i planforslaget.

- Den ønska køyrevegen må gå nesten heilt opp til fylkesvegen for å få akseptabel stigning. Regulert tilkomst i vest har nesten ingen stigning. Heile den grønne stripa mellom BN10/11 og BN12 vert fjerna (utan at ein skal legge for stor vekt på det). Treng berre 1 avkøyring frå køyrevegen til BN12 om ein samlar tilkomst til BN10 og BN11.
- Konsekvensen for BN10 av å samle avkøyringane til same stad er avgrensa. Det vert om lag 100m<sup>2</sup> av tomta som må nyttast til køyreveg. Lite truleg at byggegrensa blir sett på ein annan måte sjølv om BN11 får eiga tilkomst (4m til eigedomsgrense i vest) Det vil truleg vera avgrensa trafikkende til BN11 då delområdet ikkje er så stort.
- Relativt kostbar opparbeiding aust for BN10-11 med inngrep i «urørt» areal og ny avkøyring Arealet mellom BN10-11 og hovudveg til næringsområdet er «rest areal» og er sån sett eigna for å kunne nyttast til køyreveg.
- Om ein flyttar tilkomst til BN11, vil BN10 truleg ha tilkomst der dagens avkøyring er. Snuplass må difor løysast internt for kvart av delfelta BN10 og BN11 – det er arealkrevjande. Sjå skisse
- Rekkefølgekrav om utbetring av større del av køyreveg til BN12 kan bli utløyst dersom køyrevegen til BN11 vert trekt aust for tomtene.

Er dette ok?

Vennleg helsing  
**Turid Verdal**  
905 22 958



Torgbakken 9  
Pb. 32, 5401 Stord  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)



---

**Frå:** Anne Lise Næs <[anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no](mailto:anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no)>  
**Send:** mandag 1. november 2021 08:55  
**Til:** Turid Verdal <[turid@abo-ark.no](mailto:turid@abo-ark.no)>  
**Kopi:** Kjartan Thoresen <[kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no](mailto:kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no)>  
**Emne:** VS: Siste revisjon plankart Børnes før oversending til PTM

Hei

Politikarane ynskjer å regulere inn igjen den tidlege løysinga vi hadde på teikneblokka, sjå vedlegg. Vil du legge ved den skissa du viste oss i førre møte, og skrive litt om konsekvensane dersom me legg vegen slik som dette. Dersom eg hugsar rett så blir det vel lite igjen av BN11 dersom me legg vegen slik?

Med helsing  
**Anne-Lise Næs** | *Planleggjar på Samfunnsutvikling*  
Mobil: +47 476 79 967

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) | 



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** Kjartan Thoresen <[kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no](mailto:kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no)>  
**Sendt:** mandag 1. november 2021 08:19  
**Til:** Anne Lise Næs <[anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no](mailto:anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no)>  
**Emne:** VS: Siste revisjon plankart Børnes før oversending til PTM

Hei

Her er endringa som politisk arbeidsgruppe vil ha på Børnes. Tek du dette opp med Turid og vurderer konsekvensane? Politikarane må få beskjed dersom løysinga er umogleg/veldig dårleg. E-posten frå Ove vert lagt på saka.

Arbeidsgruppa ville IKKJE at saka skulle opp i november og vil truleg halde møte med referansegruppa før handsaming.

Med helsing

**Kjartan Thoresen** | Avdelingsleiar Plan

Mobil: +47 408 80 172

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



KVINNHERAD  
KOMMUNE



Kvinnherad  
2050

*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** Ove Lemicka <[post@sundeprosjekt.no](mailto:post@sundeprosjekt.no)>

**Sendt:** fredag 29. oktober 2021 12:42

**Til:** Kjartan Thoresen <[kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no](mailto:kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no)>; Leif Sverre Enes

<[leif.sverre.enes@kvinnherad.kommune.no](mailto:leif.sverre.enes@kvinnherad.kommune.no)>; Hilde Enstad <[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no](mailto:hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** Siste revisjon plankart Børnes før oversending til PTM

Hei!

Viser til møte i den politiske arbeidsgruppa i går torsdag 28.10.2021. Her er det tidlegare plankartutsnittet som viser vegen til BN 10 og 11 som vi konkluderte med at skulle inn i planforslaget att.

Sidan Hilde reiser til varmen så har eg bede Kjartan hjelpa Leif Sverre å få dette inn på saka, slik omtalt i møte i går. Kjartan må og bestilla naudsynt oppdatering av forskriftene sånn at alt stemmer med kartet.

Mvh

Ove Lemicka

Tlf: +47 90 92 34 64

Fax: +47 53 47 43 01

Mail: [post@sundeprosjekt.no](mailto:post@sundeprosjekt.no)

Web: [www.sundeprosjekt.no](http://www.sundeprosjekt.no)